



Sameige Eikanger Vassverk  
Ivar Eidsheim  
Nedre Eikanger 62  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2664 - 15/24740

Saksbehandlar:  
Atle Dingen

Dato:  
07.07.2015

## Søknad om overføring av privat vass- og avlaupsanlegg Eikanger/Lid til kommunal eige og drift

Vi syner til Dykkar søknad av 26.juni,-kartskisser,leidningsføringar, og med tilleggsopplysningar datert 02.juli,-om kommunalt tilskot til bygging av kloakkanlegg for tilknytning til kommunalt avløps-system i Eikangervågen. Søknaden er heimla i *Forskrift for vass-og kloakkgebyr i Lindås kommune*.

Vedlagt søknaden er komplett pristilbod på leidningar, kummer, borehol, m.m. For store deler av grøftene vert avløpsleidning lagt i felles grøft med vassleidningen. Anlegget er planlagt bygt med eigne private slamavskiljarar, ev større felles, og der Lindås kommune tek kostnadene med tømning av desse-etter vanlege rutiner, og abonnentane betalar vanleg årsgebyr for kloakk.

40 eigarar av hus og tomter har skrive under som andelseigarar-til no. Pristilbodet er på kr: **2.491.500,-** ekskl mva.-då kommunane byggjer VA-anlegg avgiftsfritt, og kommunen skal overtaka hovedanlegget, som det vert gjeve tilskot til. Overtakinga vert etter at anlegget er ferdigstilt, og godkjent, og etter garantiåret er omme. (Etter eitårs-befaringa).

Andelseigarane går inn med kr 30.000,-kvar som eigenandel, tilsaman **kr 1.200.000,-** Lindås kommune går inn med resterande sum kr: **1.291.500,-**. Tilskotet vert gjeve som refundert tilkn.gebyr, ekskl mva, og elles dekka frå posten: *Tilskot til privat kloakkanl.*

Føresetnader: Tilskotet vert gjeve ut frå bindane antal underskrifter, avtalar om grunn,-som er overførbare til kommunen, etter overtaking. Vidare at rekneskapet er revisorgodkjent, og at anlegget er bygt i samsvar med godkjente normar for kommunaltekniske anlegg i Lindås kommune v/ Teknisk Drift.

Før overtaking skal det leverast a-jourførte teikningar, trykkprøvningsprotokollar, og eigengodkjenningsdokument-frå utførande entreprenørar. Vi gjer merksam på at ansv.utførande entreprenør(ar) må søkja om tiltak-løyve, på vanleg måte. Tilkn.gebyret må vera innbetalt før 1.utbet. av tilskot vert gjort.

Med helsing

Arne Eikefet  
einingsleiar

Atle Dingen  
saksbehandlar



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sameige Eikanger Vassverk

Nedre Eikanger 62 5913

EIKANGERVÅG

---